



Rådmannen orienterer

Kommunestyret

16. desember 2021



Programområde 1

- Korona-tiltak i møtet
- Reversering av biblioteksjefstillinga. Lysast ut på ny.
- Bygdeutviklar tilsett, Kristine Kleiv frå Dalen, master i innovasjon og kunnskapsutvikling med særleg fokus på næringsutvikling i distrikta. Start 11. Januar



Programområde 2

Spørsmål:

Leige til eige prosjektet. Det er allereie kjøpt eit hus til ein familie, som dei leiger fram til dei kan kjøpe huset av kommunen. Etter det eg forstår har det vore behov for utbetringar på dette huset, som kommunen har kosta. Blir beløpa for utbetringar og eventuell oppussing av desse husa lagt på kjøpesummen, eller er det slik at dette er ei direkte utgift for kommunen? Det hadde også vore interessant for kommunestyret å få innsikt i korleis desse kontraktene er utforma, lar dette seg gjere i fyrstkommande kommunestyremøte?



Programområde 2

Seljord kommune er eigar av den **kommunale bustaden** fram til opsjon eventuelt blir realisert. Den aktuelle familien har såleis ein "kjøpsrett". **Avtalen er utarbeidd etter mal frå Husbanken.**

"Kjøpesummen etter fem år skal tilsvare:

- *Gjenstående restgjeld/saldo i Husbanken.*
- *Samt 25/30 av tilskotet frå Husbanken.*

Kjøpesummen endres ikkje sjølv om eier i etterkant av kontraktsinngåelsen har gjort forbedringer som har medført en verdiøkning av boligen".

Dette er på lik linje med alle andre kommunale bustader, der eventuelle utbetringar og reperasjonar ikkje blir belasta leigetakar. Det er kommunale forsikringsvilkår som gjeld for kommunal bygningsmasse. Ved overtaking vil kjøpar måtte teikne privat forsikring.

Det er brukt om lag 45 000 kr så langt. Truleg 90-100 00 kr når alt er betalt. Etter gjennomføring av prosjekt leige til eige vil kommunestyret få ei politisk sak med evaluering.



Programområde 2

Avvik tilsyn Vest-Telemark PPT

Tilsett ny leiar ved VT PPT, Kjersti Bollerud frå Seljord.

Ledige, faste stillingar som blir lyst ut i skule og oppvekst:

- Rektor Seljord barne- og ungdomsskule.
- Styrar Seljord bhg, avdeling Tussejuv. Frå august 2022

Ledig vikariat:

- Logoped 2022. Ingen søkjarar. Må leige inn logoped.



Programområde 3

Covid 19 – status smitte og vaksinasjon

- Omikron – fare for å lamme samfunnskritiske tenester og samfunnet for øvrig ved at mange blir smitta samtidig og mange nærkontaktar i karantene. Høgt sjukefråvær
- Det viktigaste tiltaket; Over 90% vaksinerte i Seljord
- Godt i gang med 3. dose – boosterdose
- Flytt vaksinerings frå januar til desember etter at intervalltid er korta til 4,5 månader
- Alle over 65 år vil i hovudsak vere ferdig i løpet av desember
- Vaksinerings av helsepersonell i rute
- Vaksinerings av aldersgruppa 45 – 64 år , og 18-64 år med underliggende sjukdommar er i gang
- Får time på SMS ut frå når ein fekk dose 2.
- Ta kontakt med Seljord helsesenter dersom ein ikkje får innkalling på aktuelt tidspunkt



Programområde 3

Status isolat i pandemitid

Avtale med Kviteseid om felles isolat er sagt opp

- Isolat på avdeling C på Nesbukti for 1 pasient – KAD plass med sluse
- Ved behov for fleire plassar må vi tømme avdeling C – 6 sengeplassar
- Lokale kontinuitetsplanar og overordna på tvers av einingane

Vurdere om det er mogleg med felles isolat i Vest-Telemark i framtida? Samhandlingskoordinator



Programområde 3

Covid 19 – status smitte og vaksinasjon

- Hurtigtestar – Ein stor takk til Tilrettelagte Tenester
- Smittesporere – fleire har meldt seg til teneste, e-læring og Teams-møte i veke 50, Vaktplan i vekene framover
- Vaksinatører - behov for å auke med fleire dagar før jul, fleire har meldt seg tiil teneste
- Innbyggjarane er flinke til å følge anbefalingar - slått ned større smitteutbrudd 2 gangar



Programområde 4

- Fleksibel fakturering
- Flaumsikring i Flatdal – Kartlegging/synfaring ved NVE. Truleg gj.f i 2023. 80/20-kostnadsfordeling NVE og Seljord kommune. Ny kont.pers. i NVE: Svein Arne Jerstad
- Sinnesodden – teamsmøte med Sweco om G/S-veg-alternativa
SK planlegg møte med utbyggjar.
- Lomodden – kjem tilbake til utbyggingsavtale
- Dyrsku'n – ny tilkomstveg og G/S-veg – kjem tilbake til utbyggingsavtale



Programområde 4

- Teknisk drift – sikre kont.drift - berre nødvendig vedlikehald
- Ny eigedomskonsulent – Kim Gøran Aakre Bringa
- Flatdal skule – har hatt fire arb.møte - synfaringar i jan.
- Hurra for gjenbruk! "Nye" brukte stolar til 4.-7.kl. ved Flatdal skule frå Seljord vgs.
- Teknisk lager skøytebane ved skulen